

"Ølning"

Skreien kom oftast til Senjabankane i juletida for å gyte. Andre juledag gjekk fiskarane difor jamt ut, så sant det var ver til det. Men dette året kom inga skreitidend før jul, og veret lova berre graps. Ungdomslaget våga seg difor til, og skipa julefest for born og vaksne andre juledag i den store Fiskarheimen. Laget ville samle pengar til å få opp eige hus.

Fiskarheimen var eit stort trehus, med ein møtesal for 3-400 menneske. Ungdomane pynta salen med krepp-papir, bar og tytebærlyng. Eit stort juletre stod midt på golvet pynta med glitter, fletta band av glanspapir, og med mange julelys av stearin. På tre sider av tre-et stod lange rygglause trebenker. Og nokre lånte Petromaxlykter susa under taket og lyste opp heile salen.

Spenninga var stor i været. For borna var det som eit eventyr. Det var så sjeldan dei fekk samlast til fest og moro. Tenk å få kakao og "vinabrød", få gå rundt eit juletre i fleire store ringar, og attpå få julegåver alle saman: eple eller appelsiner.

Dei vaksne var spente av andre grunnar. Fiskarane stunda etter skreien, og det same gjorde fiskearbeidarane. No hadde dei gått meir eller mindre arbeidslause i vekevis, så dei mest grua seg for å vise seg i sine eigne kjøken. Dei som stod for festen var mest opptekne av vervaslet for kvelden.

"Stiv til sterk nordaustleg kuling, går meir nordleg mot natta og aukar kanskje til storm. Snøbyer."

- "Ølning"! sa dei. - Slår varslet til, kan vi avblåse heile festen.

Eg spurde kva "Ølning" var, og fekk vite at det var sterk vind nord-nord-aust. Oppfor været var stupbratte fjellvegger, og når vinden møtte dei, vart han pressa ihop og ned mot været i føle fallbyer. Mellom stormkasta kunne ein bere eit kveikt lys huse mellom. Men nåde den som råkar ein retteleg fallversknute. Han kom som eit skot, og få vann å fote seg fram då.

- Det er då både stilt og fint no, - sa eg.

- Enno så, - sa dei som visste kva som kunne skje. Det var ikkje

Det er ikkje for moro skuld det var spent kjettingar eller sterke vaierar over hustaka, med feste i grunnmurane. Det var for at taka ikkje skulle blåse av. Mange hus hadde dessutan luker for glasa på versidene, eller dei spikra fjøler over om "ølningen" var i vente.

Utpå ettermiddagen for fiskarane om bord i båtane som låg i hamna og gjorde alt klart til å ri uveret av. Dei såg til med anker eller landtau, fylte olje om det trongs, og stua under dekk eller surra alt laust. På kaiene gjorde fiskearbeidarane det same. Andre surra småbåtar som var dregne på land, eller kvelvde på kaiene.

Men veret heldt seg like fint, og i sjutida var fiskarheimen full av folk, mest kvinner og born, men også mange menn.

Festen tok til med song og tale. Krinsformannen kom fram med koffert-grammofonen og spelte nokre fine plater av Erling Krogh og Paul Robesson. Så stelte tre ringar opp rundt juletreet.

Det var kome eit veikt søg i lufta, og lette vindkast svinta mellom husa, men ingen ting å bry seg om. Så stilna det att.

Festlyden sette i med "Glade jul", og ringane tok til å gå rundt treet. Då tok det til å kneste i veggjar og tak.

- No kjem han, skreik dei vaksne, og tre-fire skipperar for på dør. Det small som eit skot oppe i fjellet, og så slo ein vindknute mot tak og veggjar så ein kunne tru huset rausa ihop. Langveggen på vérsida bagna inn, så vi ottast dei store glasrutene ville single inn over oss. Så vart det damstilt att — ute. Men inne vart det rop og røre. Folkva ville heim att. Mødrerne reiv med seg borna sine og la i veg, ut i natta og mørkret.

- Sløkk julelysa så her ikkje vert brann, ropte nokon.

I matsalen stod lange bord pynta og pådekka. Kjøkenjentene renska borda i lynande fart, og sterke karar kvelvde bordplatene over glassopningane og spikra dei fast. Andre tok langbenker og sette dei i spenn mot bordplatene eller veggene. Dei hadde tydeleg nok gjort det same før. Så før mest alle karane sin veg. Somme til båtane. Andre for heim, ville sjå til med husa, for dette vart visst skaver.

Nokre av de største borna ville og ut, men fekk pålegg om å vente på "løye", dvs stilla mellom to vindknutar. - Gå ikkje åleine".

